

## Sykkeltur veke 25

Onsdag denne veka skal me på sykkeltur til Bryne. Me skal vera i eit område som heiter Svertingstad, der det er mogleg å halde på med ulike aktivitetar. Det er viktig at alle har sjekka **bremser, luft i dekk og at sete er riktig innstilt**. I tillegg må alle sjølvst ha **hjelm**. Sjekk heime på førehand at hjelmen er tilpassa deg.

Sidan dette er første sykkeltur er det viktig å nemna nokre viktige ting. Ha alltid begge hendene på styret. Me sykklar på høgre sida av sykkelstien, og når me stoppar opp held me oss til høgre sida av stien. Hold avstand til den framfor deg, spesielt i nedoverbakkar. Ikkje sykle forbi kvarandre, me held rekka. Hjelmen skal alltid vera på når me sykklar. Set sykkelen utfor tekstilrommet når du kjem på skulen.

Kle deg etter vèret, sjekk Yr.no dagen før.

I sekken bør du ha med deg:

- Mat (matpakke, nudler, grillmat).
- Drikke (vatn, saft).
- Ekstra genser/sokkar (sjekk vèret).
- Pose til søppel.
- Ein pakke kjeks om du vil.

Mvh Gjert og Jo

